

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2018	Radøy eldreråd	PS	12.11.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/1479	18/16007

Budsjett 2019 - handsaming i eldrerådet

Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram første utkast til budsjett for 2019, med oppdatert økonomiplan for 2019 – 22 i form av eit eige dokument, som er vedlagt saka.

I dette utkastet er gebyrdelen ikkje teken med. Årsaka til dette er at det enno går føre seg utgreiingsarbeid knytt til samordning av gebyr innanfor sjølvkostområda mellom Lindås, Meland og Radøy.

Rådmannen legg til grunn at formannskapet drøftar framlegget slik det ligg føre, og at politiske innspel og føringar vert arbeidd inn i eit nytt budsjettframlegg til møte i formannskapet 22. november. Då vil også gebyrframlegg vera ferdig utarbeidd.

Saka vert lagt fram til eldrerådet for drøfting og vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy eldreråd - 021/2018

ELD - handsaming:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte og svara på spørsmål. Han sa at budsjettet for 2019 er det siste som vert vedteke for Radøy kommune, og at dette budsjettet dannar grunnlaget for budsjett for Alver kommune for 2020. Samla rammetimetilskot og skatt aukar frå 292,5 mill. kroner i 2018 til 300,5 mill. i 2019. Den reelle veksten er på 2,74 prosent, i realiteten mindre enn pårekna prisvekst på 2,8 prosent. Rente- og avdragskonstnadene aukar ca 3 mill, både på grunn av auka rentenivå og auka investeringsnivå.

Økonomisjefen viste til at netto driftsbudsjett er negativt med 14,3 mill. Botnlina syner likevel eit mindreforbruk på kr 145.796,- etter bruk av fondsmidlar.

Han peika på at straumkostnadene og pensjonskonstnadene aukar meir enn prisvekst. Auka klassetal på Manger skule, auka driftskostnader på SFO, og krava til bemanningsnorm i barnehagane gir auka driftskonstader. Det er også betydelege meirkostnader knytt til heimebaserte tenester.

Økonomisjefen sa at det ikkje er funne plass til stilling som ergoterapeut i 2019-budsjettet. Andre meirkostnader er knytt til Nordhordland brann og redning, gratis bruk av Radøyhallen for organiserte aktivitetar for born og unge inntil 19 år, og eingongskostnader knytt til arbeid med ny kommune. Det er i rådmannen sitt budsjettframlegg lagt opp til investeringar for 139 mill. kroner i 2019. Av dette er 31 mill. investeringar i vatn og avløp. Ny barnehage på Bø står oppført med 47 mill. og

oppgradering av Solhall med 25,4 mill, som dei klart største investeringane. Ny garderobe med universell utforming knytt til terapibasseng og ny heis i terapibassenget er lagt inn med 1 mill. kroner i investeringsbudsjett for 2019. Økonomisjefen sa at kommunen er i dialog med BOF om baderampe for rullestolbrukarar ved Nesvatnet. Det vert også arbeidd med betre parkeringstilhøve for funksjonshemma ved legesenteret.

Det må lånast 120,6 mill. i 2019 for å finansiera investeringane.

Eldrerådet gav uttrykk for at dei er tilfreds med budsjettet og opplever at deira innspel har vorte høyrte.

Det vart gjort følgjande felles framlegg i møtet:

Eldrerådet tar budsjett for 2019 og økonomiplan til orientering.

ELD - vedtak:

Eldrerådet tar budsjett for 2019 og økonomiplan til orientering.

Vedlegg:

Budsjett_2019_rådmannen (L)(196824)

Budsjettinnspel - tilbakemelding til eldrerådet